

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅSDIREKTIV (EU) 2019/130

2021/EØS/45/18

av 16. januar 2019

om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftforskallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 153 nr. 2 bokstav b) jamført med artikkel 153 nr. 1 bokstav a),

med tilvising til framlegg fra Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsega fra Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosedyren⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlements- og råsdirektiv 2004/37/EF⁽³⁾ tek sikte på å verne arbeidstakarane mot helse- og tryggleiksrisikoane som følger av eksponering for kreftforskallande eller arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen. I det nemnde direktivet er det fastsett eit einsarta nivå for vern mot risiko som er knytt til kreftforskallande og arvestoffskadelege stoff, gjennom ei ramme med allmenne prinsipp som skal gjere det mogleg for medlemsstatane å sikre ein konsekvent bruk av minstekrava. Bindande grenseverdiar for eksponering i arbeidet der verdiane er fastsette på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, økonomisk gjennomføringsevne, ei grundig vurdering av sosioøkonomiske verknader og tilgjengelege protokollar og teknikkar for å måle eksponering på arbeidsplassen, er viktige delar av dei allmenne tiltaka for vern av arbeidstakarar som er innførte ved det nemnde direktivet. I denne samanhengen er det avgjerande at det vert teke omsyn til føre var-prinsippet der det finst uvisse. Dei minstekrava som er fastsette i det nemnde direktivet, tek sikte på å verne arbeidstakarane på unionsplan. Medlemsstatane kan fastsetje strengare bindande grenseverdiar for eksponering i arbeidet eller andre vernetiltak.
- 2) Grenseverdiar for eksponering i arbeidet er ein del av risikohandsamingstiltaka i medhald av direktiv 2004/37/EF. Etterlevinga av desse grenseverdiane rører ikkje ved andre plikter som arbeidsgjevarane har i medhald av det nemnde direktivet, særleg når det gjeld reduksjon av bruken av kreftforskallande og arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen, førebygging eller reduksjon av eksponeringa av arbeidstakarar for kreftforskallande og arvestoffskadelege stoff, og tiltak som bør gjennomførast for dette føremålet. I den grad det er teknisk mogleg, bør slike tiltak omfatte utskifting av det kreftforskallande eller arvestoffskadelege stoffet med eit stoff, ei stoffblanding eller ein prosess som ikkje utgjer nokon fare eller er mindre farleg for helsa til arbeidstakarane, bruk av eit lukka system eller andre tiltak som tek sikte på å redusere eksponeringsnivået for arbeidstakarane så mykje som mogleg, og på den måten fremje nyskaping.
- 3) For dei fleste kreftforskallande og arvestoffskadelege stoff er det ikkje vitskapleg mogleg å fastsetje grenser for kor høg eksponeringa kan vere før skadeverknader oppstår. Sjølv om fastsetjinga av grenseverdiar for kreftforskallande eller arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen i medhald av dette direktivet ikkje vil fjerne risikoen for helsa og tryggleiken til arbeidstakarane som følge av eksponering i arbeidet (attverande risiko), medverkar dette likevel til ein monaleg reduksjon av dei risikoane som følger av slik eksponering, gjennom ein stevnis og målmedviten metode i medhald av direktiv 2004/37/EF. For andre kreftforskallande og arvestoffskadelege stoff er det vitskapleg mogleg å fastsetje grenser for kor høg eksponeringa kan vere før det kan ventast at skadeverknader oppstår.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 30 av 31.1.2019, s. 112, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 110/2020 av 14. juli 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), ennå ikke kunngjort.

(¹) TEU C 288 av 31.8.2017, s. 56.

(²) Haldning frå Europaparlamentet av 11. desember 2018 (enno ikkje offentleggjord i TEU) og rådsavgjerd av 20. desember 2018.

(³) Europaparlements- og råsdirektiv 2004/37/EF av 29. april 2004 om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftforskallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet (sjette særdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (TEU L 158 av 30.4.2004, s. 50).

- 4) Dei øvre grenseverdiane for eksponering av arbeidstakarane for visse kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff er fastsette ved grenseverdiar som i medhald av direktiv 2004/37/EU ikkje må overskridast. Desse grenseverdiane bør reviderast, og det bør fastsetjast grenseverdiar for fleire kreftfarmkallande og arvestoffskadelege stoff.
- 5) Dersom det er naudsynt, bør dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet, reviderast i lys av tilgjengelege opplysningar, mellom anna vitskaplege og tekniske data og kunnskapsbaserte former for beste praksis, teknikkar og protokollar for måling av eksponeringsnivå på arbeidsplassen. Dersom det er mogleg, bør desse opplysningane omfatte data om attverande risiko for helsa til arbeidstakarane og fråsegner fra Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar (SCOEL – Scientific Committee on Occupational Exposure Limits) og Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen (ACSH – Advisory Committee on Safety and Health at Work). Opplysningar om attverande risiko, som vert gjorde offentleg tilgjengelege på unionsplan, er verdfulle for det framtidige arbeidet med å avgrense risiko for eksponering for kreftfarmkallande og arvestoffskadelege stoff i arbeidet, mellom anna ved framtidig revisjon av dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet.
- 6) Kommisjonen bør seinast i første kvartalet i 2019, og samstundes som han tek omsyn til den siste utviklinga i den vitskaplege kunnskapen, vurdere om det er aktuelt å endre verkeområdet for direktiv 2004/37/EU til å omfatte reproduksjonstoksiske stoff. På dette grunnlaget skal Kommisjonen eventuelt kome med eit framlegg til regelverk, etter å ha rådspurt partane i arbeidslivet.
- 7) For somme kreftfarmkallande stoff utan terskelverdi er det ikkje mogleg å utele ein helsebasert grenseverdi for eksponering, men det er likevel mogleg å fastsetje ein grenseverdi for desse kreftfarmkallande stoffa på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data.
- 8) For å sikre høgst mogleg vernenivå mot visse kreftfarmkallande og arvestoffskadeleg stoff, bør andre opptaksvegar vurderast, medrekna opptak gjennom huda.
- 9) SCOEL hjelper Kommisjonen særleg med å vurdere nyaste tilgjengelege vitskaplege data og med å gjere framlegg til grenseverdiar for eksponering i arbeidet for å verne arbeidstakarar mot kjemiske risikoar, som skal fastsetjast på unionsplan i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF⁽⁴⁾ og direktiv 2004/37/EU. ACSH er eit trepartsorgan som hjelper Kommisjonen med førebuing, gjennomføring og evaluering av verksemd på området helse og tryggleik på arbeidsplassen. ACSH vedtek særleg trepartsfråsegner om initiativ for å fastsetje grenseverdiar for eksponering i arbeidet på unionsplan på grunnlag av tilgjengeleg informasjon, medrekna vitskaplege og tekniske data i tillegg til opplysningar om sosiale aspekt og opplysningar som fortel om desse initiativa er moglege å gjennomføre økonomisk. Andre tilstrekkeleg pålitelege og offentleg tilgjengelege kjelder til vitskaplege data vart òg vurderte, særleg Det internasjonale senteret for kreftforsking (IARC – International Agency for Research on Cancer), Verdshelseorganisasjonen og nasjonale byrå.
- 10) Arbeidet til SCOEL og innsynet i dette arbeidet er avgjerande for ein ansvarleg politisk prosess. Dersom arbeidet til SCOEL skal omorganiserast, bør det garanterast særskilde ressursar til dette, og spesifikk sakkunnskap om epidemiologi, toksikologi, arbeidsmedisin og yrkeshygiene bør ikkje gå tapt.
- 11) Dei endringane av vedlegg I og III til direktiv 2004/37/EU som er fastsette i dette direktivet, er eit vidare steg i ein meir langsigktig prosess for å ajourføre direktiv 2004/37/EU. Som eit neste steg i denne prosessen har Kommisjonen gjort framlegg om å innføre grenseverdiar og merknader om hudrisiko for ytterlegare fem kreftfarmkallande stoff. I meldinga si av 10. januar 2017, «Safer and Healthier Work for All — Modernisation of the EU Occupational Safety and Health Legislation and Policy», slo dessutan Kommisjonen fast at direktiv 2004/37/EU bør endrast ytterlegare. Kommisjonen bør kontinuerleg arbeide med å ajourføre vedlegg I og III til direktiv 2004/37/EU i tråd med artikkel 16 i det direktivet og fastsett praksis, og endre dei når det er naudsynt i lys av tilgjengeleg informasjon, medrekna vitskaplege og tekniske data etter kvart som dei vert tilgjengelege, til dømes opplysningar om attverande risiko. Når det er relevant, bør dette arbeidet føre til framlegg til framtidige revisjonar av dei grenseverdiane som er fastsette i direktiv 2004/37/EU og i dette direktivet, og til framlegg til ytterlegare stoff, stoffblandingar og prosessar i vedlegg I og ytterlegare grenseverdiar i vedlegg III.
- 12) Det er viktig å verne arbeidstakarar som vert eksponerte for kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff som følgje av tillaging, administrering eller kassering av farlege lækjemiddel, medrekna cytostatiske eller cytotoxiske lækjemiddel, og som følgje av arbeid som medfører eksponering for kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff innanfor reingjering, transport, tekstilvask og avfallshandtering av farlege lækjemiddel eller materiale som er ureina av

⁽⁴⁾ Rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen (fjortande særdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF) (TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11).

farlege lækjemiddel, og ved personleg pleie av pasientar som vert behandla med farlege lækjemiddel. Som eit første steg har Kommisjonen utferda retningslinjer for å minske helse- og tryggleiksrisikoane på arbeidsplassar i helsesektoren, medrekna risikoen som er knytt til eksponering for cytostatiske eller cytotoxiske lækjemiddel, i ei særskild rettleiling om førebygging og god praksis. Desse retningslinjene rører ikkje ved andre mogle framlegg til regelverk eller andre initiativ.

- 13) I samsvar med tilrådingane frå SCOEL og ACSH, dersom slike er tilgjengelege, vert det fastsett grenseverdiar for eksponering ved innanding i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timer (grenseverdiar for langvarig eksponering), og for visse kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i høve til kortare referanseperiodar, som vanlegvis er eit tidsvege gjennomsnitt på 15 minuttar (grenseverdiar for kortvarig eksponering), for å avgrense verknadene av kortvarig eksponering så langt det er mogleg. Merknader om hudrisiko vert òg fastsette i samsvar med tilrådingane frå SCOEL og ACSH. Ytterlegare offentleg tilgjengelege kjelder for pålitelege vitskaplege data bør òg vurderast.
- 14) Prinsippet om førebygging på arbeidsplassen bør òg fremjast i samband med dei verknadene som kreftframkallande og arvestoffskadelege stoff har på framtidige generasjonar, til dømes dei negative verknadene på forplantingsevna til både menn og kvinner og på fosterutviklinga. Difor bør medlemsstatane utveksle beste praksis på dette området.
- 15) Det finst tilstrekkeleg dokumentasjon på at mineralolje som har vore nytta i forbrenningsmotorar til å smørje og kjøle dei rørlege delane i motoren, har kreftframkallande eigenskapar. Desse brukte mineralske motoroljene er prosessgenererte og difor ikkje underlagde klassifisering i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽⁵⁾. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av desse oljene gjennom huda, konkluderte med at eksponering i arbeidet skjer ved opptak gjennom huda og tilrådde sterkt at det vert innført ein merknad om hudrisiko. ACSH var samde i at brukte mineralske motoroljer bør førast opp på lista over kreftframkallande stoff, stoffblandingar og prosessar i vedlegg I til direktiv 2004/37/EF, og i at eit vesentleg opptak gjennom huda er mogleg. Ulike typar beste praksis kan nyttast for å avgrense hudeksponering, medrekna bruk av personleg verneutstyr som hanskar, og fjerning og reinsing av ureina tøy. Fullstendig etterleving av slik praksis og av ny beste praksis kan hjelpe til å minske denne eksponeringa. Difor bør arbeid som medfører eksponering for mineralolje som har vore nytta i forbrenningsmotorar til å smørje og kjøle dei rørlege delane i motoren, førast opp i vedlegg I til direktiv 2004/37/EF, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoen for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 16) Det finst tilstrekkeleg dokumentasjon på at eksosutslepp som kjem frå forbrenning av dieselolje i dieselmotorar med kompresjonstenning, har kreftframkallande eigenskapar. Eksosutslepp frå dieselmotorar er prosessgenererte og difor ikkje underlagde klassifisering i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008. ACSH var samde i at eksosutslepp frå tradisjonelle dieselmotorar bør førast opp på lista over kreftframkallande stoff, stoffblandingar og prosessar i vedlegg I til direktiv 2004/37/EF, og har bede om ytterlegare undersøkingar av dei vitskaplege og tekniske aspekta ved nyare typar motorar. IARC har klassifisert eksosutslepp frå dieselmotorar som kreftframkallande for menneske (IARC-kategori 1) og presisert at sjølv om mengda partiklar og kjemikaliar er redusert i nyare typar dieselmotorar, er det enno ikkje klart korleis dei kvantitative og kvalitative endringane vil endre verknadene på helsa. IARC har òg presisert at det er vanleg å nytte elementært karbon, som utgjer ein vesentleg del av desse utsleppa, som markør for eksponering. Med tanke på opplysningsane ovanfor og talet på eksponerte arbeidstakrar bør arbeid som medfører eksponering for eksosutslepp frå dieselmotorar, førast opp i vedlegg I til direktiv 2004/37/EF, og i vedlegg III til det same direktivet bør det fastsetjast ein grenseverdi for eksosutslepp frå dieselmotorar utrekna på grunnlag av elementært karbon. Postane i vedlegg I og III til direktiv 2004/37/EF bør omfatte eksosutslepp frå alle typar dieselmotorar.
- 17) Når det gjeld eksosutslepp frå dieselmotorar, kan det i nokre sektorar på kort sikt vere vanskeleg å overhalde ein grenseverdi på 0,05 mg/m³, målt som elementært karbon. Difor bør det i tillegg til innarbeidingsperioden innførast ein overgangsperiode på to år før grenseverdien tek til å gjelde. Innan underjordisk gruvedrift og tunnelbygging bør det i tillegg til innarbeidingsperioden innførast ein overgangsperiode på fem år før grenseverdien tek til å gjelde.
- 18) Visse blandingar av polysykiske aromatiske hydrokarbon (PAH), særleg dei som inneheld benzo[a]pyren, oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1A eller 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. Eksponering for slike stoffblandingar kan mellom

⁽⁵⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og embalering av stoffer og stoffblandingar, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

anna skje ved arbeid som inneber forbrenningsprosessar, til dømes ved eksos frå forbrenningsmotorar, og forbrenningsprosessar ved høg temperatur. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av desse stoffblandingane gjennom huda, og ACSH var samd i at det er viktig å innføre ein grenseverdi for eksponering i arbeidet for blandingar av polsykliske aromatiske hydrokarbon, og har tilrådd at det vert sett i gang eit arbeid med å vurdere dei vitskaplege sidene med sikte på å leggje fram ein grenseverdi for eksponering i arbeidet i framtida. Det bør difor først opp ein merknad om hudrisiko i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF som gjeld risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda. Det bør òg gjerast ytterlegare undersøkingar for å vurdere om det er naudsynt å fastsetje ein grenseverdi for blandingar av polsykliske aromatiske hydrokarbon for å betre vernet av arbeidstakarane mot desse stoffblandingane.

- 19) Trikloretylen oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. SCOEL har slått fast at trikloretylen er eit genotoksisk kreftframkallande stoff. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det mogleg å fastsetje grenseverdiar for trikloretylen i høve til ein referanseperiode på åtte timer (grenseverdi for langvarig eksponering), og i høve til ein kortare referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på 15 minuttar (grenseverdi for kortvarig eksponering). SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av dette kreftframkallande stoffet gjennom huda, og ACSH var samd i ein praktisk grenseverdi på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data. Det bør difor fastsetjast grenseverdiar for langvarig og kortvarig eksponering for trikloretylen, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda. I lys av nye vitskaplege prov og den tekniske utviklinga bør grenseverdiane for dette stoffet overvakast særleg nøyne.
- 20) 4,4'-metylendianilin (MDA) oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. SCOEL konkluderte med at det for dette kreftframkallande stoffet utan terskelverdi ikkje er mogleg å uteleie ein helsebasert grenseverdi. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det likevel mogleg å fastsetje ein grenseverdi for 4,4'-metylendianilin. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av dette kreftframkallande stoffet gjennom huda, og ACSH var samd i ein praktisk grenseverdi på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data. Det bør difor fastsetjast ein grenseverdi for 4,4'-metylendianilin, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 21) Epiklorhydrin (1-klor-2,3-epoksypropan) oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. SCOEL konkluderte med at det for dette kreftframkallande stoffet utan terskelverdi ikkje er mogleg å uteleie ein helsebasert grenseverdi, og har tilrådd å unngå eksponering i arbeidet. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av epiklorhydrin gjennom huda, og ACSH var samd i ein praktisk grenseverdi på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data. Det bør difor fastsetjast ein grenseverdi for epiklorhydrin, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 22) Etylendibromid (1,2-dibrometan, EDB) oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. SCOEL konkluderte med at det for dette kreftframkallande stoffet utan terskelverdi ikkje er mogleg å uteleie ein helsebasert grenseverdi, og har tilrådd å unngå eksponering i arbeidet. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av etylendibromid gjennom huda, og ACSH var samd i ein praktisk grenseverdi på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data. Det bør difor fastsetjast ein grenseverdi for etylendibromid, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda.
- 23) Etylendiklorid (1,2-dikloretan, EDC) oppfyller kriteria for klassifisering som kreftframkallande (kategori 1B) i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og er difor eit kreftframkallande stoff som definert i direktiv 2004/37/EF. SCOEL konkluderte med at det for dette kreftframkallande stoffet utan terskelverdi ikkje er mogleg å uteleie ein helsebasert grenseverdi for eksponering. På grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, er det likevel mogleg å fastsetje ein grenseverdi for etylendiklorid. SCOEL påviste ein risiko for eit vesentleg opptak av etylendiklorid gjennom huda, og ACSH var samd i ein praktisk grenseverdi på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data, samstundes som dei understreka at det manglar solide og oppdaterte vitskaplege data, særleg om verkemåten. Det bør difor fastsetjast ein grenseverdi for etylendiklorid, med ein merknad i vedlegg III til direktiv 2004/37/EF om risikoien for eit vesentleg opptak gjennom huda.

- 24) Avtala «Agreement on Workers' Health Protection Through the Good Handling and Use of Crystalline Silica and Products Containing it» som er underteknata av dei samanslutningane som utgjer det europeiske nettverket for silisiumoksid (NEPSI – European Network for Silica), og andre avtaler mellom partane i arbeidslivet som i tillegg til lovgevingsmessige tiltak omfattar retningslinjer og verktøy til støtte for ei effektiv gjennomføring av pliktene til arbeidsgjevarane i medhald av direktiv 2004/37/EF, er verdfulle verkemiddel som utfyller dei lovgevingsmessige tiltaka. Kommisjonen bør oppmuntre partane i arbeidslivet til å inngå slike avtaler, samstundes som handlefridomen deira skal respekterast. Likevel inneber ikkje etterleving av slike avtaler utan vidare at pliktene til arbeidsgjevarane i medhald av direktiv 2004/37/EF vert overhaldne. Ei jamleg ajourført liste over slike avtaler bør offentleggjera på nettstaden til Det europeiske byrået for helse og tryggleik på arbeidsplassen (EU-OSHA – European Agency for Safety and Health at Work).
- 25) Kommisjonen har rádspurt ACSH og gjennomført eit samråd i to fasar med dei europeiske partane i arbeidslivet, i samsvar med artikkel 154 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen.
- 26) Dette direktivet respekterer dei grunnleggjande rettane og etterlever dei prinsippa som er forankra i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar, særleg artikkel 31 nr. 1.
- 27) Dei grenseverdiane som er fastsette i dette direktivet, skal reviderast jamleg i lys av gjennomføringa av europaparlaments- og rádsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽⁶⁾ og av fråsegnene frå dei to utvala til Det europeiske kjemikaliebyrået (Utvalet for risikovurdering (RAC – Committee for Risk Assessment) og Utvalet for sosioøkonomisk analyse (SEAC – Committee for Socio-Economic Analysis)), særleg for å ta omsyn til samverknaden mellom grenseverdiane som er fastsette i medhald av direktiv 2004/37/EF, og tilhøvet mellom dosering og verknad, opplysningar om faktisk eksponering og, dersom det finst tilgjengeleg, dei DNEL-verdiane (DNEL – Derived No Effect Levels) som er avleidde for farlege kjemikaliar i samsvar med den nemnde forordninga, for å gje arbeidstakarane eit effektivt vern.
- 28) Ettersom måla for dette direktivet, som er å betre leve- og arbeidsvilkår og verne helsa til arbeidstakarar mot særlege risikoar som følgjer av eksponering for kreftframkallande og arvestoffskadeleg stoff, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor på grunn av at omfanget og verknadene av direktivet betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
- 29) Ettersom dette direktivet gjeld vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar på arbeidsplassen deira, bør det innarbeidast innan to år etter ikraftsetjingsdatoen.
- 30) Direktiv 2004/37/EF bør difor endrast.
- 31) I samsvar med den felles politiske fråsegna frå medlemsstatane og Kommisjonen av 28. september 2011 om forklarande dokument⁽⁷⁾ har medlemsstatane plikta seg til at meldinga om innarbeidningstiltaka i rettkomne tilfelle skal følgjast av eitt eller fleire dokument som viser samanhengen mellom dei ulike delane av eit direktiv og dei tilsvarande delane av dei nasjonale innarbeidingsdokumenta. Med omsyn til dette direktivet reknar regelgevaren det som rettkome at slike dokument vert oversende.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 2004/37/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) Ny artikkel skal lyde:

«Artikkel 13a

Avtaler mellom partane i arbeidslivet

Avtaler mellom partane i arbeidslivet som eventuelt vert inngåtte innanfor ramma av dette direktivet, skal førast opp på lista på nettstaden til Det europeiske byrået for helse og tryggleik på arbeidsplassen (EU-OSHA). Lista skal ajourførast jamleg.»

⁽⁶⁾ Europaparlaments- og rádsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå, om endring av direktiv 1999/45/EF og om oppheving av rádsforordning (EØF) nr. 793/93 og kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 samt rádsdirektiv 76/769/EØF og kommisjonsdirektiv 91/155/EØF, 93/67/EØF, 93/105/EF og 2000/21/EF (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

⁽⁷⁾ TEU C 369 av 17.12.2011, s. 14.

2) I vedlegg I skal nye nummer lyde:

«7. Arbeid som medfører hudeksposering for mineralolje som har vore nytta i forbrenningsmotorar til å smørje og kjøle dei rørlege delane i motoren.

8. Arbeid som medfører eksposering for eksosutslepp frå dieselmotorar.»

3) Vedlegg III vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette direktivet.

Artikkkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovane og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan to år etter datoен for ikraftsetjinga av direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om teksta i desse føresegogene. Når desse føresegogene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegogene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 16. januar 2019.

For Europaparlamentet

A. TAJANI

President

For Rådet

G. CIAMBA

Formann

VEDLEGG

«VEDLEGG III

GRENSEVERDIAR OG ANDRE DIREKTE TILKNYTTE FØRESEGNER (ARTIKKEL 16)

A. GRENSEVERDIAR FOR EKSPONERING I ARBEIDET

Namn på agensen	EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Grenseverdiar						Merknad	Overgangstiltak		
			8 timer ⁽³⁾			Kortvarig ⁽⁴⁾						
			mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾	mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾				
Støv frå harde tresortar	—	—	2 ⁽⁸⁾	—	—	—	—	—	—	Grenseverdi: 3 mg/m ³ til 17. januar 2023.		
Seksverdige kromsambindingar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i artikkel 2 bokstav a) i) (som krom)	—	—	0,005	—	—	—	—	—	—	Grenseverdi: 0,010 mg/m ³ til 17. januar 2025. Grenseverdi: 0,025 mg/m ³ for sveise- eller plasmaskjeringsprosessar eller liknande arbeidsprosessar som fører til røyk, til 17. januar 2025.		
Eldfaste keramiske fibrar som er kreftframkallande stoff slik det er definert i artikkel 2 bokstav a) i)	—	—	—	—	0,3	—	—	—	—			
Respirabelt støv av krystallinsk silisiumdioksid	—	—	0,1 ⁽⁹⁾	—	—	—	—	—	—			
Benzen	200-753-7	71-43-2	3,25	1	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
Vinylkloridmonomer	200-831-0	75-01-4	2,6	1	—	—	—	—	—			
Etylenoksid	200-849-9	75-21-8	1,8	1	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
1,2-epoksypropan	200-879-2	75-56-9	2,4	1	—	—	—	—	—			
Trikloretylen	201-167-4	79-01-6	54,7	10	—	164,1	30	—	Hud ⁽¹⁰⁾			

Namn på agensen	EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Grenseverdiar						Merknad	Overgangstiltak		
			8 timer ⁽³⁾			Kortvarig ⁽⁴⁾						
			mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾	mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾				
Akrylamid	201-173-7	79-06-1	0,1	—	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
2-nitropropan	201-209-1	79-46-9	18	5	—	—	—	—	—			
o-toluidin	202-429-0	95-53-4	0,5	0,1	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
4,4'-metylendianilin	202-974-4	101-77-9	0,08	—	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
Epiklorhydrin	203-439-8	106-89-8	1,9	—	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
Etylendibromid	203-444-5	106-93-4	0,8	0,1	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
1,3-butadien	203-450-8	106-99-0	2,2	1	—	—	—	—	—			
Etylendiklorid	203-458-1	107-06-2	8,2	2	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
Hydrazin	206-114-9	302-01-2	0,013	0,01	—	—	—	—	Hud ⁽¹⁰⁾			
Brometylen	209-800-6	593-60-2	4,4	1	—	—	—	—	—			
Eksosutslepp frå dieselmotor			0,05(*)							Grenseverdien skal nyttast frå 21. februar 2023. For underjordisk gruvedrift og tunnelbygging skal grenseverdien nyttast frå 21. februar 2026.		
Blandingar av polsykliske aromatiske hydrokarbon, særleg dei som inneheld benzo[a]pyren, som er kreftframkallande stoff slik det er definert i dette direktivet									Hud ⁽¹⁰⁾			

Namn på agensen	EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Grenseverdiar						Merknad	Overgangstiltak		
			8 timer ⁽³⁾			Kortvarig ⁽⁴⁾						
			mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾	mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	f/ml ⁽⁷⁾				
Mineralolje som har vore nytta i forbrenningsmotorar til å smørje og kjøle dei rørlege delane i motoren									Hud ⁽¹⁰⁾			

(¹) EF-nummer, dvs. Einecs, ELINCS eller NLP, er det offisielle nummeret til stoffet i Den europeiske unionen, slik det er definert i del 1 avsnitt 1.1.1.2 i vedlegg VI til forordning (EF) nr. 1272/2008.

(²) CAS-nummer: Chemical Abstract Service Registry Number.

(³) Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt (TWA) på åtte timer.

(⁴) Grenseverdi for kortvarig eksponering. Ein grenseverdi som ikkje bør overskridast, og som gjeld for ein eksponeringsperiode på 15 minuttar, med mindre noko anna er nemnt.

(⁵) mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa (760 mm kvikksgølvtrykk).

(⁶) ppm = milliondelar etter volum i luft (ml/m³).

(⁷) f/ml = fibrar per milliliter.

(⁸) Inhalerbar fraksjon: Dersom støv frå harde tresortar vert blanda med anna trestøv, skal grenseverdien gjelde for alt trestøv som finst i stoffblandinga.

(⁹) Respirabel fraksjon.

(¹⁰) Risiko for ein vesentleg auke av den samla påkjenninga på kroppen gjennom eksponering av huda.

(*) Målt som elementært karbon.

B. ANDRE DIREKTE TILKNYTTE FØRESEGNER

p.m.»